



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Nordhordland Ingeniør & Byggmesterforretning A/S

Myksvoll
5912 SEIM

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Einar Urheim

Vår ref.

2011/2249 - 0 -
28627/2011

Telefon

56375000

Arkivkode:

196/141

Dato:

29.11.2011

Delegert sak handsama av avdelingssjefen

Løyve til tiltak for etablering av Ballbane FL2 og Leikeplass FL3 på Gbnr 196/141 Midtgård.

Vedtak:

Kommunen gjev løyve til etablering av Ballbane på FL2 og Leikeplass på FL3 i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 02.11.2011, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. I samband med etablering av Ballbane på FL2 må det setjast opp ballnett høgde 5 meter på kortsida av bana mot sør-aust.
2. I samband med etablering av Ballbane må det opparbeidast felles gangveg FGV2 til Ballbane.
3. I samband med etablering av leikeplass må det etablerast gangstier fram til Leikeplassen.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Nordhordland Ingeniør og Byggmesterforretning A/S	S	SØK; PRO; UTF Alt ansvar for samtlege ansvarsområde

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning



Søknaden

FL 2. Ballbane. Søknaden gjeld etablering av ballbane 20 x 30 meter. Kotehøgd ballbane +44,50. Plassen skal opparbeidast i samsvar med skildring i søknaden.

FL3 Leikeplass. Søknaden gjeld etablering av leikeplass med etablering av sandkasse, sittegruppe, rutsjebane og balansestokk. Plassen skal opparbeidast i samsvar med skildring i søknaden.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av reguleringsplan for Midtgård. Tiltaka synast å vera i samsvar med reguleringsplan.

Veg og tilkomst

Det skal opparbeidast felles gangveg FGV2 til Ballbane. Det skal etablerast gangstier fram til Leikeplass.

Visuell utforming

Tiltaka har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering

Høgdeplasseringa vert godkjent som omsøkt, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 2. standarden "Plassering og beliggenhetskroll". Tiltaket si plassering skal koordinatutreknaast

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Samla vurdering.

- Ut frå ei samla vurdering finn administrasjonen å kunna gå inn for dei omsøkte tiltak på dei gjevne vilkår.

Gebyr

Søknadsploktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2a 2 Alle andre søknadssaker		6.800
C.5.2b2 tilleggsgebyr lite		2.500
Totalt gebyr å betala		9.300

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tot Hegle
Avdelingsleiar

Einar Urheim
Fagleiar byggesak

Kopi til:

- Ivar Opsahl Niels Carlsensgate 45 1440 Drøbak